

Nedskriverens navn: *Gunnar Nerødegård*

Adresse: *Tonsåsen*

Fødselsår: *2/10-1908* Fødested: *Nerødegård, Leirskogen*

Er det egne opplevelser som skildres? *Begge deler* Hvis De gjengir en annens beretning – oppgi da fortellerens navn:

Adresse:

Fødselsår: Fødested:

Min tippoldefar hadde to gardar og store jordvidder, men han kom ut for eit økonomisk krakk so han laut risa fra alt samand. Oldefar vart gift med ei jente fra ein gard. Og dei vart buende på ein husmannsplass som til hørde nemte gard. Dette bruket låg uppa eit berg ovenfor garden.

Oldefar hadde uvanlikt godt humør. Og på gøy brukte han detta ordtak. Garden ligger under bruket. Som vanlig låg bruket under den og den garden.

Presten og oldefar vor godvenner. Ein dag kom presten på besåk til oldefar som nett då sat og spiste. Oldefar var heime alleine den dagen. No var ikkje detta rette klokested på måltidet. Difor spør presten: «Kva er navnet på dette måltidet?» Då svara oldefar på sine lune og koselige måte «Den som har mat sjølv han spiser når han vil.»

Det var faste spisetider. Kl. 6 om morgonen var det kafe og brødsriver. ½ 8 var det fyredugurd. Med gamaldags kost. Bondesmør, brim, ost, poteter m.m. Kl. 11 var det dugurd, med vanleg vasgraut kokt av byggmjøl. Og der til sur mjølk, ein deilig kost sumarstid. Kvile til ½ 1 Da kafe og brødsriver. ½ 4 middag med spekemat og sølsuppe m.m. Da og ei kvile ikkje so lang som til dugurds. Kl.6 aftenkaffe. Kveldsmat ved 8 tidi.

Oldefar og oldemor hadde to feite kyr. Dugande var dei båe. Dei hadde mange gilde sauer. Bestefar og han bror kjøpte ein stor gjordeigedom saman. Broren fik husi og bestefar bygde på nye tufter. Til egedomen låg ei tehusmansbruk. Mange gilde ungar voks opp der. Og vart dugande og bra folk. Det som sermerkte dei var den fine klædedrakti. Finpusset fra top til tå. God intelligent hadde dei og.

Det som eg hugsar var jolehandelen. Tå vart det proviantert bra. Sjølv sakt for at dei ikkje skulde føle armoi i juli.

Mor var fra ein stor gard fire husmannsplassar hørde til den garden. Den eine låg langt fra garden borti ei fjellskarde. Underleg og koseleg låg bruket til med høge berg både ovanfor og nedfor var det mange hundre meter med berg. Storelvi ran i dalbot'n.

Desse folki var uvanleg arbeidsame. Mannen var: tømmerhoger skomaker, steinbryter og slåttekar. Dugande til alt som hørde garden og skogen til Tjærebrenar vor han og. Eg såg på han hogg tømmer. Fyrst halvskard han grani så hogg han borken av roti så høgt han nådde. (Stetta) da det vor ferdigt skara han grani fra andre sida. Om ei tid fall grani med, so tok kvistingi til da det var ferdigt

vart fyrste stokken utmålt og der etter toppen. Og so til sist vart barken borka av og so låg det to kvite og fine stokker der. Slik gjik arbeidet dag etter dag heile vintern.

Kona hjelpte til i huset når det var ekstra arbeide. Så som: slakting, klesvask, husvask: Sjølve hadde dei både to og tre kyr. Og dei var so glade i heimen sin at ingen har fått kjøpt han for nokkon pris.

Det vor utallige mange husmannsplasar i Valdres. Stort sett vor buevelkari dei same på alle. Stovehusi vor småe helst bare to rom.

Ungane laut sjølvsak ut etter kvart som dei voks opp. Men heimen vart ikkje gløymt. Store og kraftige kom dei til bake for og glea far og mor.

Litt humør

På ein stor gard der det var mange husmenn, hadde husbonden oppdaga at ein av husmennene stadig hogg etter dei største brødskevane på brødfatet. Husbonden tenkte han skulde få til litt moro av dette. Og ein dag gjekk han på kjøkenet til kokka. Og fekk henne til og skjæra ein blig, dobbelt tjukk i eine enden på skiva og som eit økseskjær i den andre enden...

Bleiskiva vart plassert millom dei vanlege skivane.

Pådekinga var ferdig og alle ruslet bort til bordet. Husbonden tok sin faste plas i høgsetbenken. Og vor spend på kva som vilde hende. Jav det gjekk efter beregning. Husmannen bogg efter bleiskiva og sen som var flat i ansiket var husmannen noko slikt hadde han ikkje tenk seg.

Husbonden laut ein tur på kjøkenet sprekkeferdig av latter.

Det vart sakt mykje stykt om husmanns yrket. Men skal vi gå til bake til dei fyste gardane som vart rudde i Vang so kjem husmannsplassane i ein heilt anna synsvinkel. Plassen vart opprud for at folk kunde bu der. Det hadde aldri vore nokon heim fyr.

Eg har skrevet ei bok om ein husmann og ein husbond som samarbeide godt. Boken heiter: «Livet i Linrud».

Av økonomiske grunner har eg ikkje fått trykt den. Og gjeve den ut på eget forlag. Der er jo vanskelig å få eit forlag til å ta den. Da det er overflod av bøker.

Det har kome mange gilde menn og kvinder fra husmannstova. Arbeidet ad lor manne.

Den bygdi eg er født i vor det vanlig praksis at når vi hadde spent reiven vo det og bæsta med til skog og anna nytikt arbeide.

Den må tidleg krøkæs som god krok skal værta.

I min barndom var det barnerike familier. Fort vek på 10 barn ja opp til 14. Det er naturleg at i dei småe husmannstovane vart plasen liten. Åfte laut nok både 4. og 5 barn ligge i samre seng. Men ingen pesimisme for det. Det vart ikkje trist i slike heimar med mange barn.

Litt humør.

På ein liten plas tok barnefloken til og augka i god von. No vor det berre gutor som vort fødde der. Jubelen stod høgt i taket for kvar ny borger som kom. Det var nett kommet ein ny gut. Da ropte ein gut i flokken i vill begeistring « Når det vært hundre av oss da skal vi kom til og stor danse.» Så der i stova var humøret på rette plass.